

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE - 011	16/181

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2017	Valstyret	PS	31.01.2017

Stortingsvalet 2017 - Valkrinsar - Elektronisk avstemming

Forslag til vedtak:

Modalen kommune skal ha to valkrinsar ved stortingsvalet 2017, Mo og Øvre Helland

Det skal nyttast elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Før Stortingsvalet 2017 skal kommunestyret avgjera kor mange valkrinsar ein skal ha i kommunen, jfr. Vallova § 9-3. Folkeregistermyndet skal vera orientert om endringar i røystekrinsinndeling innan 31. mars i valåret. Modalen kommune har hatt 2 valkrinsar.

Nokre praktiske rutinar i høve avvikling av val har blitt endra dei siste åra, bl.a. tydlegare krav til universell utforming av vallokale og elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.

Vurdering

Det er om lag 300 røysteføre innbyggjarar i Modalen kommune.

Utifrå tal røysteføre er behovet for 2 valkrinsar soleis ikkje naudsynleg, men avstand og därleg intern offentleg kommunikasjon veg imot. For å effektivisera arbeidet med avvikling av val, kan reduksjon av tal krinsar vera positivt. Det vil bli ferre personar involvert i røystestyra og ferre vallokale å administrera. Kommunen har i dag sentral samla teljing. Modalen kommune er opptatt av å ha høg valdeltaking, og ved samanslåing av kretsar kan ein risikera at detakinga går ned.

Rådmannen vil rá til at Modalen kommune innfører elektronisk avkryssing på valdagen. Dette vil letta arbeidet monaleg for røystestyra og administrasjonen på valdagen, og redusera feilkjelder ved

kryssing i manntalet. Modalen kommune har hatt elektronisk avkryssing i manntalet under førehandsrøysting, og har gode røynsler med dette.

Ved elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen er det ein føresetnad med stabil nett tilgang i vallokalet, og ein må ha nokre pc'ar disponible for valfunksjonærane.

Det vil framleis vera høve å førehandsrøysta ved kommunehuset før valet.

Konklusjon

Rådmannen rår til at ein vidarefører å ha to røystekrinsar, men at ein innfører og legg til rette for opplæring og bruk av ordninga med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.

Valstyret - 004/2017

VS - behandling:

Samrøystyes

VS - vedtak:

Modalen kommune skal ha to valkretsar ved stortingsvalet 2017, Mo og Øvre Helland

Det skal nyttast elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.

Vedlegg:

Endringer i valgloven - brev til kommuner og fylkeskommuner om ikrafttredelse av vedtak